



Norges vassdrags- og energidirektorat
Energi- og konsesjonsavdelingen
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Reguleringsmagasin Vasstøl i Suldal kommune – Søknad om midlertidig tillatelse til å senke vasstanden

Me viser til tidlegare søknader og gjevne løyve knytt til senking av vasstanden i Vasstølsvatnet. Oppgraderingsarbeidet på damanlegget, inkludert utskifting av tappeluka ved Vasstølsvatn, er no fullført. Den avsluttande delen av prosjektet omfattar forsterking av veggen mellom overløpsdammen og fyllingsdammen ved dam Finnabu, samt utskifting av inntaksluka ved Vasstøl.

Arbeidet ved Finnabuvatn er planlagt gjennomført sommaren 2025 og krev ikkje nedtapping av magasinet under lågaste regulerte vasstand.

Inntaksluka ved Vasstøl, lokalisert i den nordlege delen av fyllingsdammen, inngår i tunnelsystemet til Røldal kraftverk, som strekkjer seg frå Valldalsmagasinet til Vasstøl. Den eksisterande luka, som er frå tidleg 1960-tal, er moden for utskifting. Arbeidet med ny inntaksluke er planlagt gjennomført i perioden 1. august til 1. oktober 2025.

Inntaket ute i magasinet ligg på kote +730,20, medan botnstokken i lukehuset er på kote +730,00. Arbeidet omfattar sandblåsing av lukeføringar, omfattande sveisearbeid, samt montering av ny glideluke, opptrekksmekanisme og hydraulikksystem. Dette arbeidet krev rømningsveg både opp gjennom sjakta og ut gjennom tverrslaget.

For å hindre vassinntrenging frå magasinet til tunnelsystemet, vil det bli etablert eit plankestengsel i inntaket. Som eit ytterlegare tryggingstiltak søker Hydro Energi om løyve til å senke Vasstølsvatnet (magasinnummer 579) med inntil 5 meter under lågaste regulerte vasstand, frå kote +732,50 til naturleg terskel på kote +728,00, i den aktuelle perioden. Dette for å redusere vasstrykket mot plankestengselet og sikre trygge arbeidsforhold.

Hydro Energi har tidlegare gjennomført tilsvarande nedtappingar ved to høve, og vurderer at også denne nedtappinga vil ha minimale konsekvensar for fisk og anna akvatisk liv i området.

Vår dato: 2025-05-12
Vår ref.: Johnny O Bruheim

Med helsing
for Hydro Energi AS

Signed by:


07B6F047862941E...
Agnes O Lykkebo
Kraftverkssjef RSK

DocuSigned by:


51B3C20C66C3403...
Johnny O Bruheim
VTA RSK